

Opplysningar om garden og drifta

Guri og Leif Søyeland er to driftige sauebønder frå Jæren i Rogaland. Dei er båe i 40 åra og har tre barn som også er interesserte i sau. Heile familien deltek difor aktivt i drifta. Leif har full jobb og Guri har 50% jobb utanom bruket, men båe går i turnus slik at dei kan ta fri seg fri i travle periodar. Det er Leif som gjer det daglege stellet, medan Guri held orden på Sauekontrollen, avlsplanen osv. og trår til i travle sesongar. Besetninga består av 20 farga spælsau og gamalnorsk spælsau, 10 svartfjes, 98 Norsk Kvit sau og 3 kryssingar.

Garden består av 85 mål jord og beite. Det blir hausta grovfôr to gonger på 65 mål, medan heile garden blir beita både vår og haust. Fyrsteslåttan blir haust ca fem veker etter at søyene blir sleppte på utmark. Grasarten er Strandsvingel og er da i skyting. Andre slåttan vil variere. Leif prioriterer å hauste andre-slåttan i passeleg tid slik at det blir godt haustbeite til sauene. Graset blir hausta i rundballar med Kofasil ensileringsmiddel. Guri og Leif leier sommarbeite i Sirdalen, ca 800 m.o.h. men ca 15-20 søyer blir att heime av ulike grunnar.

Fjøset vart bygd i 2020. Det er eit uisolert fjøs med naturleg ventilasjon med sprekkpanel som luftinntak og opphøya møne som luftuttak. Det er eit enkelt sauefjøs med åtte bingar, 3 m djupe og ca 10 m lange. Det er to langsgåande fôrbrett på med ca 1 m bedde. Framfor bingane er det eit fleksibelt areal til bruk i lamming til rundballar, rundballekuttar, lammingsareal osv. (sjå bilete og planskisse). Ved innsett blir åringar sortert for seg sjølv, elles blir søyene sortert etter raser, der hornsauen blir sortert for seg sjølv. Etter fosterteljing blir søyene sortert etter tal foster.

Eigenskapar dei ser etter når dei plukkar påsettlam er spenetall, haustvekt og godt eksteriør. Seminavkom blir også som regel teke vare på. Den viktigaste utrangeringsårsaken er klumpar i juret om hausten, som tyder på mastitt.

Alle lam, både påsettlam og sluttfôringslam, blir sett inn etter sanking fyrste veka i september. Slaktelamma blir plukkslakta etter vekt i tre omgangar i september og oktober. På fyrste plukkslakting rett etter sanking, kan dei levere slaktelam som er nede i 40 kg levandevekt.

Søyene får gå ute på godt haustbeite fram til ca 20. oktober. Da blir dei sett inn og klypte. Dei kjøper NKS vêrar frå vêring. Til smårasene må dei inseminere for produsere sine egne vêrar. I paringa går Leif med vêren morgon og kveld på dei vaksne søyene, medan vêren får gå fritt hjå påsettlamma. Han skifter vêr morgon og kveld og prøver å få notert paring også på påsettlamma. Dei inseminerer også ein del søyer.

Fôringa i perioden frå innsett til paringa er ferdig, består av surfôr av 2. slått, og 0,3-0,4 kg kraftfôr som er ei blanding av 50% Fiskå drektig og 50% Fibermix. Påsettlamma står på rundt 0,5 kg av denne miksen gjennom heile innefôringsperioden. I tillegg får alle søyer mineralbøtte og saltslikkestein.

Ca 10.-15. januar har dei fosterteljng. Søyene blir klypte i midten av februar, i desse tider blir også søyene sortert etter tal foster. Da startar dei opp igjen med kraftfôr til dei vaksne søyene. Kraftfôrassjonen blir gradvis auka fram mot lamming til ca 1 kg for søyene med flest foster. Frå ca 14 dagar før fyste lamming, skiftar dei kraftfôr til Fiskå TopLac fiber. Dei skiftar også til surfôr av fyrsteslått siste del av innefôringsperioden. Når lamminga startar frå ca 1. april, trår heile familien til. Da flytter dei ut i fjøset. I eine hjørnet på fjøset har dei ordna seg ei lita koseleg leilegheit. I fyrste etasje er det toalett m.m. og i 2. etasje er det fullt kjøken, kontor med utsikt ned til sauefjøset, sengeplassar og fjernsyn. Dei har også kamera slik at dei har oversikt over heile sauefjøset. Her har familien vakt, døgnet rundt. Dei har som rutine at alle lam får 2 dl. råmjølk frå flaske rett etter fødsel, enten ved at dei mjølker mora, eller dei tek mjølk frå reservelageret i kjøleskapet. I lamminga blir heile fjøset teke i bruk til søyer og lam. 10-15 søyer blir også flytta ut i gamlefjøset for å få meir plass. Søyene lammar i enkeltbinge, og blir flytta ut i fellesbingar etter ca to døger. Dei lagar halmstrødd lammegøyme til lamma.

Ingen søyer går med tre lam, påsettlamma går med eit eller to lam. Vaksne søyer som får eit lam, får undervendt eit lam frå kopplamblingen om mogleg. Resten av «overkotslamma» blir kopplam. Dersom ein ved fjellsending ser lam som har hatt dårleg tilvekst, typisk ein tvilling som går med ein åringssøye, så blir den tatt frå mora og sett blant kopplamma. Etter tilvenning til smokkfôring, blir kopplamma sortert etter vekt i to bingar. Dei har kopplamautomat og kopplamma blir avvendt mjølkeerstatning ved ca 20 kg` s vekt og føra vidare på høy og kraftfôr. Dei blir plukkslakta etter vekt utover sommaren.

Etter lamming står søyer og lam inne til rundt midten av mai på appetittfôring med grovfôr og litt over 1 kg Fiskå Top Lac fiber. Vårbeitet kan vera 15-20 cm høgt ved beiteslepp. Tidspunkt for beiteslepp til utmark kan variere, men vanlegvis er sommarbeitet i Sirdal klart andre veka i juni.

Påsettlam blir vaksinerte mot pulpanyre om hausten og alle søyer blir vaksinert tre veker før lamming. Lamma blir behandla mot koksidiøse ca 10-12 dagar etter beiteslepp. To dagar før fjellsending blir både søyer og lam behandla mot innvortes parasittar.

Sankinga i Sirdalen er ei stor begivenheit som skjer i fyrste veka i september. Fleire tusen sau blir samla i sankekve og skilt i eigne sankegardar av den enkelte eigar. Alle søyer og lam blir så frakta til garden. Søyene blir sleppte på håbeite, medan lamma blir sett inn og sortert i livlam, sluttfôringslam og slaktemogne lam. Fyrste pulje med slaktelam blir sendt til Nortura rett etter sanking. Da kan lam heilt ned i 40 kg bli sendt til slakt. Resten av slaktelamma blir sluttføra inne på kraftfôr og grovfôr og plukkslakta i to puljar, i slutten av september og midten av oktober.

Spørsmål 1

Gå igjennom det du får vite om garden og drifta hjå Guri og Leif Søyeland. Skriv litt om den faglege bakgrunnen for tiltaka Guri og Leif gjennomfører gjennom eit saueår. Gå igjennom utskriftene frå Sauekontrollen og finn resultata dei kan vera godt fornøgde med og årsaker til det. Finn også område dei bør jobbe med for å bli enda betre sauebønder, og kom med forslag til tiltak for å få enda betre resultat.

Spørsmål 2

Guri og Leif bur i eit husdyrtett område og er difor opptekne av og korleis dei skal halde smittsame sjukdomar ute av huset. Dette kan vera alvorlege smittsame sjukdomar, men også mindre alvorlege sjukdomar som munnskurv som kan føre til store tap om ein får det midt i lamminga. Difor lurar dei på korleis ein kan lage ein plan for smittevern. Hjelp Guri og Leif og setje opp ein smittevernplan med utgangspunkt i det du veit om drifta og fjøset på Søyeland. Sjekk gjerne også kva krav frå styresmaktene set når det gjeld rutinar for smittevern [her](#).

Spørsmål 3

Guri og Leif leverer slaktedyra sine til Nortura. Dei grunngjev dette med at:

- Nortura er ein av grunnane til at ein kan drive kjøtt- og eggproduksjon over heile landet
- Nortura betaler det dei kan, medan andre mottakarar av slakt betaler det dei må
- Nortura kjøper slaktedyra, uansett overskot eller underskot av slakt
- Nortura gjer det meir interessant å vera sauebonde, med å bidra til eit godt produsentmiljø og fagleg utvikling

Kva er spesielt med Nortura som gjer at dei seier dette? Ta gjerne kontakt med ein sauebonde som er medlem i Nortura og difor leverer slaktedyra sine dit, for å få innspel til svaret på spørsmål 3.